

**DRIFTSREKNESKAP PER 28.02.2017 - oppsummering**

tal i 1.000 kr

Ten. omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå. 2017	Budsjett 2017 (totalt for året)	Forbruk i %	Prognose 2017	Forventa meirforbruk 2017
10	POLITIKK/RÅDMANNSKONTOR	3 676	17 493	21,02	17 493	-
11	ØKONOMIKONTOR	1 755	9 370	18,73	9 370	-
12	ØKONOMI/FINANS	-69 803	-437 050	15,97	-436 150	-900
13	IKT OG ANDRE INTERKOMM. SAMARBEID	3 092	14 731	20,99	14 731	-
14	RÅDGJEVARTENESTA EKSKL. PRIVATE BARNEH.	917	8 742	10,49	8 742	-
15	PRIVATE BARNEHAGAR (TILSKOT OG ADM)	18 514	80 526	22,99	80 526	-
19	PPT	391	2 950	13,25	2 950	-
20	KOMMUNAL BARNEHAGEDRIFT	1 209	6 575	18,39	6 575	-
21	GRASDAL SKULE	2 372	13 038	18,19	13 038	-
23	MELAND UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPL.	2 998	16 193	18,51	16 193	-
24	ROSSLAND SKULE	4 603	24 760	18,59	24 760	-
25	SAGSTAD SKULE	5 751	29 529	19,48	29 529	-
26	VESTBYGD SKULE	3 291	18 162	18,12	18 162	-
30	HELSE	4 308	27 519	15,66	27 519	-
35	SOSIALE TENESTER	-610	12 336	-4,94	12 336	-
36	BARNEVERN	1 831	11 715	15,63	12 715	-1 000
37	MELAND SJUKEHEIM	7 001	41 940	16,69	41 940	-
38	MELAND HEIMETENESTER	10 124	60 719	16,67	60 719	-
50	KULTURKONTOR	1 552	9 627	16,12	9 627	-
60	PUK - PLAN, UTBYGGING, KOMM.TEKNIKK	-3 301	31 125	-10,61	31 125	-
	<b>SUM ALLE TENESTEOMRÅDE</b>	<b>-328</b>	<b>-</b>	<b>0,00</b>	<b>-</b>	<b>-1 900</b>

Dei fleste tenesteområda ligg i rute iht. budsjett. Vi ventar førebels meirforbruk på barnevernet og reduksjon i inntekter frå skatt, inntektsutjamning og rammetilskot med totalt kr 1,9 mill. for 2017. I tillegg er det signal frå fleire skular om manglande ressursar frå hausten 2017, men eventuelt budsjettmessig konsekvens av dette er så langt ikkje berekna.

**Tenesterapportering per februar 2017 med oppdatert prognose.**

Alle tal i heile 1000 kr

Ten.omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik budsj. - progn. 2017
10	<b>POLITIKK/RÅDMANNSKONTOR</b>	3 676	17 493	21,0 %	17 493	-
	Forbruk på 21% etter 2 mnd drift er noko høgt, men utgifter ca 1,2 mill er då betalt for heile året. Det har så langt i år vore høgt aktivitetsnivå når det gjeld utlysing av ledige stillingar med behov for fleire utlysingsplattformer. Denne posten er difor truleg underbudsjettet. Det er i budsjettet ikkje teke høgde for kostnader til kjøp av konsulenttenester i samband med rekruttering av ny rådmann. Ellers ingen særskilte merknader.					
11	<b>ØKONOMIKONTOR</b>	1 755	9 370	18,7 %	9 370	-
	Drift per 28.02.2017 i rute - ingen forventa avvik. Dei fleste tilsette ved økonomikontoret er deltakarar i eit prosjekt for samordning av rutinar og prosessar innan økonomi og løn for alle Nordhordlandskommunane som er med i samarbeidet i IKTNH. Dette vil oppta ressursar våren og delar av hausten 2017, men er så langt ikkje venta å føre til meirforbruk ut over budsjetterte rammer.					
12	<b>ØKONOMI/FINANS</b>	-69 803	-437 050	16,0 %	-436 150	-900
	Kommunen bruker KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot som grunnlag for kommunen sitt budsjettarbeid. Prognosemodellen er sist oppdatert 28. februar 2017 med faktiske folketall per 31.12.2016 og reelle skattetal for 2016. Meland kommune hadde i budsjettet for 2017 kalkulert med 8.038 innbyggjarar per 1. januar 2017. Faktisk folketal per 31.12.2016 er 8.021. Dette medfører at skatt- og skatteutjamning vert kr 0,4 mill. lågare enn rekna med i budsjettet for 2017. Budsjettavtalen mellom H, FrP, V og Krf. gjer at rammetilskot for 2017 for Meland kommune vert kr 0,7 mill lågare enn rekna med i budsjettet. Auka skatteinntekter i 2016 nasjonalt er venta å gje auke i skatteutjevninga for Meland kommune i 2017 på kr 0,2 mill. Netto vil vi dermed få reduksjon i skatt og rammetilskot på kr 0,5 mill i forhold til grunnlaget som ligg i det vedtekne budsjettet for 2017 som følgje av budsjettavtalen. Totalt reknar vi såleis med reduserte inntekter i 2017 frå skatt, skatteutjamning og rammetilskot på kr 0,9 mill, frå kr 421,1 mill i det vedtekne budsjettet for 2017, til kr 420,2 mill i oppdatert prognose. Det er likevel stor usikkerhet knytt til desse berekningane. Regjeringa sitt skatteanslag (nasjonalt) for 2017 på 152,082 mrd. inneber ei forsiktig auke på om lag 1,5% frå 2016. Dersom denne auken i staden vert 2,0% (0,5% høgare), vil dette isolert auke Meland kommune sine skatteutjammings-inntekter med kr 1,1 mill. i 2017. På andre postar på finansområdet er det så langt ikkje venta avvik ift. budsjett.					
13	<b>IKT OG ANDRE INTERKOMM. SAMARBEID</b>	3 092	14 731	21,0 %	14 731	-
	Ingen hendingar så langt i 2017 som tilseier at det vil koma avvik mot budsjett.					
14	<b>RÅDGJEVARTENESTA EKSKL. PRIVATE BARNEH.</b>	917	8 742	10,5 %	8 742	-
	Forbruk på 10,5% er lågt - dette skuldast at større tilskotsutbetalingar for 2017 ennå ikkje er utført. Lønnskostnad for tenesteområdet ligg i rute med eit forbruk på i underkant av 19%. Ikkje forventa avvik for året total sett.					

**Tenesterapportering per februar 2017 med oppdatert prognose.**

Alle tal i heile 1000 kr

Ten.omr.	Namn på tenestoområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik budsj. - progn. 2017
15	<b>PRIVATE BARNEHAGAR (TILSKOT OG ADM)</b>	<b>18 514</b>	<b>80 526</b>	<b>23,0 %</b>	<b>80 526</b>	<b>-</b>
	Forbruk per 28.02.2017 på 23% er noko høgt. Dette skuldast at tilskot til dei private barnehagane er betalt ut til og med mars. Tilskot til dei private barnehagane er berekna å verta kr 900' lågare enn budsjettert grunna endra samansetning i forholdet mellom små og store born samt at fleire born har deltids plassar. I tillegg er det lagt inn midlar til opptak av fleire born hausten 2017 som ein truleg ikkje har behov for. I 2016-rekneskapan vart det overforbruk på fleire postar, mellom anna styrka tilbod og refusjon for redusert foreldrebetaling. Om legg til grunn at nivået frå 2016-rekneskapan også vil gjelde i 2017, er det grunn til å vente meirforbruk på desse postane også i 2017. Totalt legg vi likevel så langt til grunn at vi kjem ut som budsjettert på tenestoområdet.					
19	<b>PPT</b>	<b>391</b>	<b>2 950</b>	<b>13,3 %</b>	<b>2 950</b>	<b>-</b>
	Noko lågt forbruk på løner per 28.02.2017, elles normal drift. Det er sendt ut tilbud til ny medarbeidar på PPT, men eventuell oppstarts dato ikkje avtalt.					
20	<b>KOMMUNAL BARNEHAGEDRIFT</b>	<b>1 209</b>	<b>6 575</b>	<b>18,4 %</b>	<b>6 575</b>	<b>-</b>
	Noko høgt forbruk på vikarpostar grunna korttidssjukefråver. Elles normal drift og ingen særskilte merknader.					
21	<b>GRASDAL SKULE</b>	<b>2 372</b>	<b>13 038</b>	<b>18,2 %</b>	<b>13 038</b>	<b>-</b>
	Ikkje forventa budsjettavvik så langt, men det er noko høgt forbruk på vikarløner grunna sjukefråver. Budsjettert med 50% auke i lærarstilling frå august. Skulen vil få problem med å ha nok kontraktlærarar med ei auke på dette nivået. Det er trong for noko større auke.					
23	<b>MELAND UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPL.</b>	<b>2 998</b>	<b>16 193</b>	<b>18,5 %</b>	<b>16 193</b>	<b>-</b>
	Ligg i rute iht. budsjett. Ingen forventa avvik per 28.02.2017.					
24	<b>ROSSLAND SKULE</b>	<b>4 603</b>	<b>24 760</b>	<b>18,6 %</b>	<b>24 760</b>	<b>-</b>
	Ligg i rute iht. budsjett. Ingen forventa avvik per 28.02.2017.					
25	<b>SAGSTAD SKULE</b>	<b>5 751</b>	<b>29 529</b>	<b>19,5 %</b>	<b>29 529</b>	<b>-</b>
	Litt høgt forbruk per 28.02.2017. Dette skuldast midlar til tidleg innsats som står på fond som vert utbetalt ila. våren samt høgt forbruk på vikarar grunna sjukefråver. Får inn fleire elevar til hausten som har særskilte behov enn det som var forventa under budsjettprosessen, noko som vil medføra behov for fleire assistentstillingar enn budsjettert, til saman om lag 2 årverk. Forebels ikkje teke dette med i prognosen.					
26	<b>VESTBYGD SKULE</b>	<b>3 291</b>	<b>18 162</b>	<b>18,1 %</b>	<b>18 162</b>	<b>-</b>
	Ligg i rute iht. budsjett. Får inn ein elev til hausten med særskilte behov, noko som vil medføra behov for ytterlegare assistentressurs frå hausten 2017. Kostnad førebels rekna til kr 150.000,- i 2017. Ikkje lagt inn i prognosen. Elles ingen forventa avvik.					
30	<b>HELSE</b>	<b>4 308</b>	<b>27 519</b>	<b>15,7 %</b>	<b>27 519</b>	<b>-</b>
	Så langt er forbruket lågt, men det skuldast i hovudsak at vi ikkje har motteke faktura for den interkommunale legevaktordninga.					

**Tenesterapportering per februar 2017 med oppdatert prognose.**

Alle tal i heile 1000 kr

Ten.omr.	Namn på tenesteområde	Rekn. hiå.	Budsjett 2017	Forbruk	Prognose 2017	Avvik budsj. - progn. 2017
35	<b>SOSIALE TENESTER</b> Tenesteområdet har netto inntekt per 28.02.2017. Dette skuldast at mottteke refusjon for flyktningar er større enn dei påløpte kostnadane. For året totalt ventar vi så langt at vi kjem ut som budsjettert på tenesteområdet.	-610	12 336	-4,9 %	12 336	-
36	<b>BARNEVERN</b> Forbruk per 28.02.2017 er lågt, noko som skuldast at ein ikkje har mottatt faktura for 2017 på kjøp av tiltaksplassar. Dersom ein legg til grunn dagens nivå på kjøp av slike plassar er det grunn til å tru at det kan koma eit meirforbruk på tenesteområdet på 1,0 mill.	1 831	11 715	15,6 %	12 715	-1 000
37	<b>MELAND SJUKEHEIM</b> Budsjettet inkluderer auke på kr 1,95 mill som følgje av vedtak om oppretting av 4 nye plassar på sjukeheimen. Så langt eit lågt forbruk grunna vakante stillingar. På korttidsavdelinga har det sidan nyttår vore nytta to pårørande rom til pasientar, noko som har medført ekstra innlege av personell/vikarar. Dei andre avdelingane ligg i rute eller under budsjett. I sum ingen forventa avvik per 28.02.2017.	7 001	41 940	16,7 %	41 940	-
38	<b>MELAND HEIMETENESTER</b> Tenesteområdet under eit ligg med eit lågt forbruk grunna vakante stillingar. Frå midten av april kjøp av private tenester til ein brukar, med ein meirkostnad på ca kr 0,5 mill. Deler av dette vert utlikna av statleg refusjon for ressurskrevjande brukarar. I sum ingen forventa avvik per 28.02.2017.	10 124	60 719	16,7 %	60 719	-
50	<b>KULTURKONTOR</b> Kultur ligg med eit lågt forbruk per 28.02.2017. Dette skuldast tilskot til lag og organisasjonar som vert utbetalt seinare i år. Forbruk på faste løner ligg i rute iht. budsjett. Ingen forventa avvik per 28.02.2017.	1 552	9 627	16,1 %	9 627	-
60	<b>PUK - PLAN, UTBYGGING, KOMM.TEKNIKK</b> Ligg med netto inntekt som følgje av at fakturering av kommunale avgifter for 1. termin/tertial gjev høgare inntekt enn påløpte løner og andre kostnader. Elles normalt forbruk på løner og andre postar, ingen forventa avvik per 28.02.2017.	-3 301	31 125	-10,6 %	31 125	-
	<b>RESULTAT/AVSETN. TIL DISP.FOND (MINUS ER OVERSKOT)</b> Dei fleste tenesteområda ligg i rute iht. budsjett. Vi ventar førebels meirforbruk på barnevernet og reduksjon i inntekter frå skatt, inntektsutjamning og rammetilskot med totalt kr 1,9 mill. for 2017. I tillegg er det signal frå fleire skular om manglande ressursar frå hausten 2017, men eventuelt budsjettmessig konsekvens av dette er så langt ikkje berekna.	-328	-		1 900	-1 900